

OSTERØY KOMMUNE
GEITARYGGEN 8
5282 LONEVÅG

Dato	03.10.2022
Vår referanse	2022/73182-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Svar på søknad - endret eller utvidet bruk av avkjørsel - fv. 5418 - gnr. 152 bnr. 58 - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 10.08.2022.

Vi minner om at det me søkjast grave- og framføringsløyve for arbeid som inneber graving, legging, flytting, reparasjon og fjerning av kablar og leidningar over, under og langs fylkesveg. Søknadsplikta dekkjer fylkeskommunen sitt eigedomsområde og alltid området innanfor 3 meter frå vegkant, uavhengig av kven som er grunneigar.

Saka gjeld

Det er søkt om flytting og sanering av avkøyrsløve, samt utvida bruk av avkøyrsløven frå fv. 5418 Bruvikdalsvegen til ein parkeringsplass på eigedomen gnr. 152 bnr. 58 i Osterøy kommune.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til flytting og utvida bruk av avkøyrsløve frå fylkesveg 5418 til eigedomen gnr. 152 bnr. 58 i Osterøy kommune.

Avkøyrsløva er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsløva skal vera plassert i samsvar med revidert situasjonsplan, datert 21.09.2022. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløve*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld stenging av to (2) eksisterande avkøyrsløver og oppretting av ein (1) ny avkøyrsløve.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløve, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrsløva går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyret. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftvatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til*

utforming av avkøyrsla.

6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsla* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgntrafikken (ÅDT) er 200. Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 4, jf. Rammepan 2021 – 2024. Dette betyr at Bruvikdalsvegen har funksjon som lokalveg, og inneberer at vi normalt godkjenner ny avkøyrsla under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsla vert oppfylt.

Frisiktkravet på 105 meter er ikkje mogleg å tilfredsstille på staden på grunn av at avkøyrsla ligg mellom to kurver. Vestland fylkeskommune meina at tiltaket er ein fordel for trafikktryggleiken på staden, til tross for at siktkravet ikkje kan tilfredsstillast. Dette er på grunn av to avkøyrslar, som ikkje tilfredsstillast krava i vegnormalen, vil stengast. Samtidig som ny avkøyrsla vil vera betrakteleg betre utforma enn tidlegare avkøyrslar, med tanke på trafikktryggleiken på staden. Etter ei samla vurdering av forholda på staden gjev vi løyve til tiltaket slik det er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Ny avkjørsle 1000.pdf
- 2 VLFK Båtaleitet 290922.pdf
- 3 Melding+om+opparbeidd+avkøyrsla
- 4 Krav-til-utforming-prinsippkisse+avkøyrsla+Båtaleitet